

Nordfjordeid, 17. mars 2020

Til Fylkesordførar i Vestland Jon Askeland

Om framskunding av vedlikehalds- og utbetningsarbeid på fylkesvegnettet

Trøndelag fylkeskommune varsler i dag at dei vil framskunde ei rekkje vedtekne utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt på fylkesvegnettet for å stø opp om næringslivet etter koronautbrotet. Det gjeld både framskunding av prosjekt som uansett skal gjennomførast i 2020, og mulig framskunding av prosjekt planlagt gjennomført i 2021 til 2020. Sjå https://www.veier24.no/artikler/trondelag-fylke-framskynder-veiarbeid-for-700-millioner-for-a-hjelpe-entreprenorene/487783?fbclid=IwAR3JpbDYt3-g2sX6ufTKSew37ujpM5My3eBtXjFjCPII_b914sJFtdbsS-s

Tilbakemeldingane frå næringslivet også på Vestlandet er at situasjonen i mange bransjar er dramatisk etter koronautbrotet, Det er «tørke» på nye prosjekt i store deler av næringslivet. Innanfor anleggsektoren kjem dette på toppen av at det frå før har vore færre prosjekt enn vanleg lyste ut siste tida, på grunn av omorganiseringa av vegadministrasjonen som har tatt mykje tid og kapasitet.

Det er sett av om lag 220 millionar kroner til vedlikehald av fylkesvegnettet i Vestland i 2020, og ca 580 millionar kroner til tunnelrehabilitering og andre mindre utbetningar av vegnettet. I tillegg kjem ei omfattande satsing på rassikring og tiltak for gåande og syklande. Beløpa for 2021 er i same storleiksorden. Det er difor betydelege kontraktsbeløp dette er snakk om. Det kan ha stor positiv effekt for anleggsbransjen om ein klarer å få raskare ut på marknaden enn planlagt ein del av desse oppdraga.

Det kan også tenkjast at ein del prosjekt innanfor utbetring og vedlikehald av bygg, særleg innanfor vidaregåande skule, også kan framskundast.

Eg ber difor Fylkesordføraren om snarast råd å ta tilsvarande initiativ som Trøndelag fylkeskommune no har gjort, med å legge til rette for å framskunde så mykje som råd er ein del av dei planlagde utbyggings- og vedlikehaldsprojekta på fylkesvegnett og bygg i Vestland.

Dette kan vere eitt av våre bidrag i dugnaden for å sikre eit levedyktig næringsliv i Vestland også etter koronautbrotet, samtidig som det er positivt for brukarane av vegnett og bygg i fylket vårt.

Beste helsing

Alfred Bjørlo

Fylkestingsrepresentant for Venstre